



SAKSFRAMLEGG

BYSTRATEGI GRENLAND - HOVUDPROSJEKT

Godkjent av:

Arkivsaksnr.: 08/1201

Arkivkode: N00

Saksbehandlar: Bjørg Hilde Herfindal

Behandling i:

Hovudutval for infrastruktur

Forslag til vedtak

Telemark fylkeskommune sluttar seg til hovudprosjekt for Bystrategi Grenland, et regionalt samarbeid om areal, transport og klima, slik det er skissert i vedlagte prosjektplan, datert februar 2009

Problemstillinga i få ord

Fylkeskommunen, kommunane i Grenland – Skien, Porsgrunn, Bamble og Siljan, Statens vegvesen og Jernbaneverket inngikk i 2008 ei intensjonsavtale med mål om å møte felles utfordringar innen areal- og transport gjennom samhandling og avtalefesta areal- og transportpakke. Med dette skulle Grenland utvikle seg til å bli en bere- og konkurransekraftig byregion av nasjonal interesse

I 2008 ble det gjennomført eit forprosjekt med samarbeid om laupande saker og forankring av prosjektet. For å vidareføre dette arbeidet blir det no lagt fram eit forslag til prosjektplan for hovudprosjekt, vedlagt, til behandling i kommunane og fylkeskommunen

Saksopplysningar

Vedlagte prosjektplan skisserer kort bakgrunnen for arbeidet, der vi står, kven som deltar i samarbeidet, tilhøvet til andre sentrale prosjekt/ prosessar og forpliktande referansedokument. Prosjektplanen skisserer føringar og mål for arbeidet, organisering, sentrale milepæler og budsjett. Prosjektperioden er sett frå 2009 – 2012, med evaluering og avklaring av vidare samarbeid i 2013. Det er skissert ein grov milepælsplan for perioden 2009 – 12, og ein meir detaljert plan for 2009.

Prosjektplanen er utarbeidd i samarbeid mellom aktørane og baserer seg på tidligare vedtak i kommunane og fylkeskommunen. Føremålet er å legge fundamentet for det vidare samarbeidet.

Sentralt i arbeidet står erkjenninga av at samarbeid og semje på tvers av kommune- og etatsgrenser er ein føresetnad for å oppnå langsiktige resultat og sikre nasjonal støtte.

I Grenland byr dagens situasjon på store utfordringar. Det aukande bevisstheten knytt til klimautfordringa, sist med klimaforliket i Stortinget med mål om 30 % reduksjon i klimautsleppa innan 2020, gir store utfordringar for transportsektoren som utgjer ein stor del av dei samla utsleppa. Mål og retningsliner for areal og transportutviklinga slik dei er framstilt i infrastrukturplanen er difor framleis like aktuelle. Ei fortetta utbygging innafør bybåndet i tråd med senterstrukturen og langs kollektivaksane slik arealdelen i kommunane legg opp til, må vidareførast. Det er ikkje mogleg med det vegnettet vi har å prioritere, og bussar, bilar og næringslivstransportane står i same kø. Dette gir utfordringar knytt til å betre tilhøva for kollektivtrafikken og sentral næringstransport, og å redusere miljøulempene i bustadområde.

Det er med denne bakgrunnen forslag til hovudprosjekt er utarbeidd.

Fylkeskommunen leiar styringsgruppa ved fylkesordføraren, og koordinerar arbeidsgruppa administrativt. Dette krev administrative ressursar til prosessleiing, planlegging, styring av medverknadsprosessar og oppfølging kommunikasjonsstrategi, til dømes oppdatering nettsidar. Fylkeskommunen har for 2009 satt av midlar i budsjettet til konsulentbruk i samband med aktuelle prosesser i bystrategiprojektet.

Vurdering frå fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen ser samarbeidet på tvers av etats- og kommunegrenser som ein føresetnad for å kome vidare med sentrale utfordringar knytte til areal, transport og klima. Semje mellom dei sentrale aktørane vil vere utslagsgjevande for å kunne få til handlings- og gjennomføringskraft og ein føresetnad for å oppnå dei fastsette måla.

Fylkesrådmannen ser fylkeskommunen si rolle i prosjektet som naudsynt, og vil prioritere å sette av administrative ressursar til dette arbeidet.

Fylkesrådmannen tilrår vedlagte prosjektplan, slik at Bystrategi Grenland kan vidareførast gjennom eit forpliktande hovudprosjekt.

Vedlegg: Prosjektplan for hovedprosjekt 2009 – 2012, datert februar 2009.